

Møteprotokoll

Råd: Fortun sokneråd

Dato og tid: 14.05.2025, 19:30

Stad: Luster prestegard

Saksmappe: FS2025-5

Til stades: Oddny Urnes (Leiar), Andreas Wollnick Wiese (Nestleiar), Wenche Haraldseid Weka (Sekretær), Kjell Olav Høstaker Nordheim (Medlem), Sigrun Hauge (Medlem), Sonja K. Øygard Bjørnevåg (Varamedlem)

Forfall:

Protokollfører: Øygunn Elin Saur

Sakslista

Faste Saker

018/25 Godkjenning

Møtesaker

019/25 Bispevisitas

020/25 Samarbeid/samanslåing av sokn

021/25 Konfirmantfesten

022/25 Fasteaksjonen

023/25 Kyrkjevert og offer

024/25 Neste møte

025/25 Utlysning av ny pretestilling

Orienteringssaker

00002 Ymse

Oddny Urnes
Leiar

Kjell Olav Høstaker Nordheim
Medlem

018/25 Godkjenning

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Øygunn Elin Saur	14.05.2025	018/25

Forslag til vedtak

Val av to til å godkjenna innkallinga og signere protokollen frå dette møte:

- 1.
- 2.

Møtebehandling

6 til stades.

Samrøystes vedteken.

Vedtak

Val av to til å godkjenna innkallinga og signere protokollen frå dette møte:

1. Oddny Urnes
2. Kjell Olav Høstaker Nordheim

019/25 Bispevisitas

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Øygunn Elin Saur	14.05.2025	019/25

Forslag til vedtak

Saka lagt fram utan tilråding.

Møtebehandling

6 til stades.

Samrøystes vedteken.

Vedtak

Medarbeidarfest: Nestleiar Andreas
Praktisk komitè frå Fortun: Wenche
Programnemnd: Leiar Oddny

020/25 Samarbeid/samanslåing av sokn

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Øygunn Elin Saur	14.05.2025	020/25

Forslag til vedtak

Saka lagt fram utan tilråding.

Møtebehandling

6 til stades.

Samrøystes vedteken.

Dette vil ikkje tre i kraft før neste val. dette vil difor ev tre i kraft for neste sokneråd og difor må Soknemøtet vere godt informert om saka, så dei kan gjere eit reelt val om kva dei ynskjer.

Alle bur der dei bur, og alle må uansett ha sut for si kyrkje. Konfirmanfestar, haustfestar, dugnadar på kyrkjegarden osb. Så ein må likevel ha like mange folk i styre og stell.

Felles:

Trusopplæring

Vedtak i høve tilsettingar.

Spele inn saker frå kvart lokale "kyrkjeråd" til felles sokneråd.

Vedtak

Fortun sokneråd ynskjer felles sokneråd i lag med dei andre som ynskjer felles sokneråd.

021/25 Konfirmantfesten

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Øygunn Elin Saur	14.05.2025	021/25

Forslag til vedtak

Saka lagt fram utan tilråding.

Møtebehandling

6 til stades.

Samrøystes vedteken.

Vedtak

Tid og stad: Bra! Gudsteneste i Fortun kyrkje kl. 13. Fest i grendahuset rett etterpå.

Dekka til 70 personar, nokre ledige plassar.

Tilordning:

4 stk, passe.

Pynt:

Blomster til bord: Roser, gerbera og gåsungar. Kvite, rosa, oransje og gult. Fine vårfargar.

Roser til konfirmantane: Raude roser. Kan godt vere større enn dei vanlege ein kjøper i bukettar på bui.

Lys og serviettar. Kvite papirdukar på rull (har nok til neste år og) og serviettar bestilt frå Lyngmo. 3500 pr 3.år.

Førebuingar på kjøken: Skulle vere 3 stk, vart 2. Bør vere 3 for å unngå stress. 2 personar til å kutte salat og 1 til varm mat. Tips: Varme vatn i små panner for å få det varmt fortare.

Mat:

Meny: Biff stroganoff med potetmos og grøn salat.

Mengde: 18 posar med stroganof à 4 porsjonar. Potetstappe 70 porsjonar. Var akkurat nok mat. Ca 55 gjester, 9 konfirmantar møtte.

Snitt 6 personar pr. konfirmant (inkl. konfirmant)

Arve Henning bestilte ferdig stroganof, og lagde potetmos. Veldig praktisk. Lite oppvask av gryter undervegs. Varmar opp i kokande/varmt vatn i posar.

Drikke: Brus, kaffi.

God meny, kan godt bli tradisjon!

Kaffi og kaker: 8 kaker, passe.

Programmet: Passe langt program. Personleg med songvers til kvar konfirmant. Oddny leia festen, veldig flink!

Helsing til konfirmantane v/Monica

Diktlesing

Allsong

Quiz

Slutt: Gjestene reiste ca kl. 16.15.

Opprydding: 4 stk. 4-5 er passe.

022/25 Fasteaksjonen

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Øygunn Elin Saur	14.05.2025	022/25

Forslag til vedtak

Saka lagt fram utan tilråding.

Møtebehandling

6 til stades.

Samrøystes vedteken.

Vedtak

Fortun sokneråd hadde berre 1 konfirmant, så soknerådet måtte ta større roder enn me normalt gjer. Me delte aksjonen over fleire dagar, for det var mest praktisk for oss. (Innanfor dei oppsette dagane for aksjonen).

Me har stige i innsamlingsbeløp dei tre siste åra, og i år fekk me inn 10 586 kr.

2023: 7 123 kr

2024: 8 752 kr

2025: 10 586 kr

Stine Rebni Bjørk har sagt at ho gjerne vil gå med fasteaksjonbøsse.

Ordninga fungerer godt, og det er praktisk med vipps, sjølv om det likevel kom mest inn via kontantar; ca 8700 kr.

023/25 Kyrkjevert og offer

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Øygunn Elin Saur	14.05.2025	023/25

Forslag til vedtak

Saka lagt fram utan tilråding.

Møtebehandling

6 til stades.
Samrøystes vedteken.

Vedtak

27.juli kl 11: Kyrkjevert: Sonja Bjørnevåg. Offer: Israelsmisjonen

07.september kl. 19.30: Kyrkjevert: Wenche Weka. Offer: Kirkens bymisjon

024/25 Neste møte

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Øygunn Elin Saur	14.05.2025	024/25

Forslag til vedtak

Saka lagt fram utan tilråding.

Møtebehandling

6 til stades.
Samrøystes vedteken.

Vedtak

Fellesmøte Fortun, Dale og Nes: 1.september kl. 19.30 i Prestegarden.

025/25 Utlysning av ny prestestilling

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Øygunn Elin Saur	14.05.2025	025/25

Møtebehandling

6 til stades.
Samrøystes vedteken.

Vedtak

Innstilling:

1. Fortun sokneråd stiller seg bak utlysningsteksten som den ligg føre i forslaget frå prosten.
2. Fortun sokneråd ynsker at stillinga vert lyst ut også som PUU-stilling (prest under utdanning).

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	14.05.2025	00002

00002 Ymse

Informasjon

Oddny orienterar litt frå kurset "Kyrkja mi".

Rutinar ang. blomst på alteret ved gudstenester og arrangement i kyrkja: utsett til neste møte.